

925857890

DRANGEVÅG LIV OG LYST

**Mobilnummer**

952 25 603

**E-postadresse**

drangevaag@me.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \*\* 42373

**Vedtaksdato**

09.06.2023

**Vedtaket er gjort av**

Osterøy kommune

**Søknadsdato**

10.04.2023

**Vår referanse**

2023/1075, Agros 228522

## Vedtak om tilskot til drenering av jordbruksjord

---

**Samandrag:** Osterøy kommune innvilgar inntil 12 500 kroner i tilskot til DRANGEVÅG LIV OG LYST for å drenere jordbruksjord. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2025.

---

Osterøy kommune viser til søknad av 10.04.2023.

DRANGEVÅG LIV OG LYST søker om tilskot til drenering av jordbruksjord på eigedommen med matrikelnummer 4630-97/8 for desse tiltaka i perioden 01.05.2023 – 30.06.2023:

- systematisk grøfting – 22 dekar
- anna grøfting (usystematisk) – 112 lengdemeter, 22 dekar blir påverka

### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensial for auka jordbruksproduksjon og å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

Etter [forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord FOR-2013-06-25-769 \(heretter kalla dreneringsforskrifta\)](#) § 3, kan ein gje tilskot til eigaren av eller eit føretak som leiger tidlegare grøfta jordbruksareal, og som drenerer dette arealet. For planerte areal kan ein få tilskot til areal som ikkje tidlegare er grøfta. Du må ha plan for dreneringa med kart, skildring av tiltaket og kva verknad det vil ha på miljøet.

Du finn satsar og berekning i vedlegg til dette vedtaket.

Osterøy kommune innvilgar i samsvar med dreneringsforskrifta §4 inntil 12 500 kroner i tilskot til:

- systematisk grøfting – 5 dekar

Innvilging av tilskot vil ikkje seie at tiltaket er godkjent ut frå andre regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova og forureiningsforskrifta. Dersom tiltaket du no har fått tilskot til krev slik anna løyve, må du innhente dette før du går i gang med tiltaket.

## Vilkår

Fristen for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 01.06.2025. Dersom du ikkje held fristen, mistar du retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 5.

Du skal melde frå til kommunen når du startar dreneringsarbeidet, slik at kommunen kan føre tilsyn med arbeidet.

Tilskotet er knytt til det tiltaket du har søkt om, og det arealet du har stadfesta i kartet som er lagt ved søknaden. Dersom du ønskjer å endre tiltaket eller plasseringa av grøftearealet, må kommunen godkjenne dette.

For at du skal ha rett til tilskot, kan ikkje tiltaket føre til vesentleg skade for ein annan eigedom og naturmangfald, vesentleg fare for flaum og vassforureining eller fare for skade på automatisk freda kulturminne. Tiltak som er sette i gang før tilskotet er innvilga, har heller ikkje rett til tilskot.

Dersom du ikkje overheld vilkåra, kan du miste retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 3.

## Rapportering og utbetaling

Du skal etter at tiltaket er gjennomført, dokumentere grøftinga med eit grøftekart. Kartet skal vise målestokk og vere mellom 1:1 000 og 1:5 000. Grøftekartet skal vidare vise grøftene med merking av talet på meter og røyrdimensjoner for sugegrøfter og samlegrøfter. Kartet skal i tillegg vise opne grøfter med merking av talet på meter. Du skal også merkje av og angi koordinatar for utløp og kummar på kartet. Dette vil forenkle arbeidet med å kontrollere, dokumentere og halde grøftene ved like i ettertid.

For at kommunen skal kunne kontrollere tiltaket, må du sende melding om avslutta grøfting til kommunen før du set i gang med jordarbeiding.

Seinast 01.06.2025 ber du i [Altinn](#) Osterøy kommune om å få utbetalt tilskotet. Du skal nytte [dette rapporteringsskjemaet](#) som du også finn på [www.landbruksdirektoraet.no](http://www.landbruksdirektoraet.no). Du må dokumentere arbeidet som er gjort. Grøftekart i samsvar med krav til slike kart er nødvendig dokumentasjon. Aktuell tilleggsdokumentasjon kan til dømes vere:

- faktura frå entreprenør eller andre aktørar
- kvitteringer for innkjøp av røyr og anna materiell

Ved manglande eller mangelfull rapportering og dokumentasjon innanfor fristen, mistar du retten til tilskotet, jf. dreneringsforskrifta § 5.

Osterøy kommune betalar ut det innvilga tilskotet når tiltaket er utført og dokumentasjonen for tiltaket er godkjend. Osterøy kommune kan også betale ut tilskot på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført.

## Kontroll

Kommunen og statsforvaltaren kan gjennomføre kontroll etter dreneringsforskrifta § 8.

## Avkorting og krav om tilbakebetaling

Feil i utbetalt tilskot kan rettast ved etterbetaling eller krav til mottakar om tilbakebetaling av utbetalt tilskot, jf. dreneringsforskrifta § 9.

Tilskotet kan også bli heilt eller delvis avkorta dersom mottakaren aktaust eller forsettleg har gjeve feil opplysningar, eller etter forvaltningsvedtak eller dom aktaust eller forsettleg har drive verksemd i strid med andre regelverk for jordbruksverksemd, jf. dreneringsforskrifta § 10.

## Plikt til å varsle om freda kulturminne

Dersom [automatisk freda kulturminne](#) blir oppdaga medan tiltaket er i gang, skal fylkeskommunen /Sametinget varslast med ein gong, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd. Arbeidet må også stansast dersom tiltaket kan øydeleggje kulturminnet ved at det blir skadd, dekt til, flytta eller på annan måte blir skjemt ut. Dersom du ikkje følgjer desse føresegnene, vil du ikkje ha rett til tilskot.

### **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Osterøy kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du fekk dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova §§ 18 og 19.

### **Fagleg informasjon om drenering**

På [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no) finn du fagleg informasjon om drenering av jordbruksjord.

Med helsing  
for Osterøy kommune

Saksbehandla av: Martin Ivar Henden

Godkjent av: Tore Johan Erstad

# Grunnlaget for vedtaket

Dersom opplysningane ikkje er dei same som i søknaden, finn du forklaring i fotnotane.

## Søklar

925857890, DRANGEVÅG LIV OG LYST

## Landbrukseigedom

4630-97/8

## Eg er

Leier – med skriftlig avtale om å gjennomføre tiltaket

## Tidlegare drenert eller planert

Arealet er tidlegare drenert

## Tiltak <sup>1</sup>

### Systematisk grøfting

Areal: 5 dekar

Grøfteavstand: 5 meter

Grøftedybde: 35 cm

Type filtermateriale: Singel

Mengde filtermateriale: 25 m<sup>3</sup> per 100 meter grøft

Bruker filterrør: Ja

## Planlagt anleggsperiode

01.05.2023 – 30.06.2023

## Totalt anslått kostnad for materialer og arbeid (eks. mva.)

120 000 kroner

## Fotnotar til grunnlaget for vedtaket

1. Det er søkt om i alt tilskott til 134 meter med grøfter på eige domen. Tilskott kan løyvast etter ein sats på kr. 38,- pr. meter grøft eller kr. 2500,- pr. daa dersom grøftearbeidet kan definerast som systematisk grøfting. Ein vel då den tildelinga av tilskottet som gjev høgst tilskotts sats til søklar. Etter motteke frøftgart i søknaden vurderer kommunen det slik at 5 daa kan definerast som systematisk grøfting.

## Korleis blir tilskot til drenering rekna ut?

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer 2 500 kroner per dekar. Ved anna grøfting kan ein få 38 kroner per lengdemeter grøft avgrensa oppover til 2 500 kroner per dekar, jf. dreneringsforskrifta § 4.

Type tiltak	Drenert areal (dekar)	Kroner per dekar	Utrekna tilskot
Systematisk grøfting	5	2 500	12 500
Profilering			
Omgraving			
<b>Sum</b>	<b>5</b>		<b>12 500</b>

Type tiltak	Lengdemeter grøft (meter)	Påverka areal (dekar)	Kroner per lengdemeter	Kroner per dekar	Utrekna tilskot
Anna grøfting (usystematisk)					
Avskjeringsgrøfting					
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>			<b>0</b>

**Utrekna tilskot: 12 500 kroner**